



Det kongelige landbruks og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

<b>Landbruks- og matdep.</b>	
Saksnr.: 201000067	Doknr.: - 13
Mottatt: 16 APR 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB/	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

**Vår ref.**  
10/2306/V6, V00/NES


**Dykkar ref.**

**Dato:**  
14.04.2010

## Høring.Føresegner om nydyrking. Uttale frå Haram kommune

Vedlagt ligg uttale frå Haram kommune på framlegg om endring av FOR-1997-05-02-423-Forskrift om nydyrking.

Med helsing

  
Nils Sævi  
Rågjevar landbruk

Interntlf. 70207631

# HARAM KOMMUNE

## Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	15.03.2010	019/10	Nils Sanden
Kommunestyret	25.03.2010	012/10	Nils Sanden

Avgjerd av:	Arkiv: V6, V00	Arkivsaknr 10/225
-------------	-------------------	----------------------

### Høyring -Forskrift om nydyrking, forbod mot dyrking av myr

#### Framlegg frå Rådmannen:

Eit generelt forbod mot nydyrking av myr vil medføre eit totalforbod mot nydyrking i Haram og kunne ha store konsekvensar for utvikling av jordbruket i kommunen.

Haram kommune vil anmode om at eit ev .forbod vert avgrensa til til djup myr eller myr der det ikkje er mogleg å konservere torvlaget ved nydyrking.

Alternativt bør det kunne gjevast unntak for forbodet etter søknad for areal som er lett dyrkande og som har stor næringsmessig betydning for eigarane.

#### Behandling i Formannskapet den 15.03.2010:

Torleiv Rogne, Uavhengig valliste kom med framlegg om at saka går til kommunestyret, og sette fram slikt framlegg:

*Eit generelt forbod mot nydyrking av myr vil medføre eit totalforbod mot nydyrking i Haram og vil ha store negative konsekvensar for jordbruket i Haram.*

*Haram kommune går mot at det vert etablert eit lovverk som forbyr dyrking av myr på generelt grunnlag som eit middel i "miljøkampen", eit forbod som vil ha berre negative konsekvensar for ei lita men desto større viktigare næring i kommunen med tanke på desentralisert busetnad og vedlikehald av kulturlandskapet.*

*Eit slikt lovforbod vil ramme ei næringsgruppe som i sin ytterste konsekvens vil føre til at jordbruket i Haram vert lagt ned, og ha store konsekvensar for kystjordbruket og jordbruket på regionalt og nasjonalt plan.*

Ved røysting vart framlegget frå T. Rogne samrøystes tilrådd.

#### FS-019/10 Tilråding:

Eit generelt forbod mot nydyrking av myr vil medføre eit totalforbod mot nydyrking i Haram og vil ha store negative konsekvensar for jordbruket i Haram.

Haram kommune går mot at det vert etablert eit lovverk som forbyr dyrking av myr på generelt grunnlag som eit middel i "miljøkampen", eit forbod som vil ha berre negative

konsekvensar for ei lita men desto større viktigare næring i kommunen med tanke på desentralisert busetnad og vedlikehald av kulturlandskapet.

Eit slikt lovforbod vil ramme ei næringsgruppe som i sin ytterste konsekvens vil føre til at jordbruket i Haram vert lagt ned, og ha store konsekvensar for kystjordbruket og

### **Behandling i Kommunestyret den 25.03.2010:**

Trond Seth,AP sette fram rådmannen sitt framlegg.

Ordførar B. Sandnes ba om prøverøysting. Prøverøystinga synte 4 røyster for framlegget frå T. Seth og 30 røyster for formannskapet si tilråding.

Trond Seth,AP kom med framlegg om å vekk hermeteikn i ordet miljøkampen i formannskapet si tilråding.

Ved endeleg røysting vart det først røysta over framlegget frå Trond Seth. Framlegget fall med 4 mot 30 røyster. Deretter vart formannskapet si tilråding med endringa frå T. Seth samrøystes vedteke.

### **KS-012/10 Vedtak:**

Eit generelt forbod mot nydyrking av myr vil medføre eit totalforbod mot nydyrking i Haram og vil ha store negative konsekvensar for jordbruket i Haram.

Haram kommune går mot at det vert etablert eit lovverk som forbyr dyrking av myr på generelt grunnlag som eit middel i miljøkampen, eit forbod som vil ha berre negative konsekvensar for ei lita men desto større viktigare næring i kommunen med tanke på desentralisert busetnad og vedlikehald av kulturlandskapet.

Eit slikt lovforbod vil ramme ei næringsgruppe som i sin ytterste konsekvens vil føre til at jordbruket i Haram vert lagt ned, og ha store konsekvensar for kystjordbruket og jordbruket på regionalt og nasjonalt plan.

### **Vedlegg:**

Forskrift om nydyrking

### **Saksutgreiing:**

Føresegnene om nydyrking er heimla i jordlova. Føremålet er å sikre at ein ved nydyrking tek omsyn til natur og kulturlandskap. Nydyrking skal ytførast etter ein plan godkjent av kommunen . Planen vert sendt fylkesmannen tilev. uttale.

I stortingsmelding nr 39(2008-2009) Klimautfordringene-landbruk en del av løsningen, gjorde landbruks og matdepartementet framlegg om at klimaomsyn skulle takast inn i føresegnene.

Det er no sendt eit ut på høyring eit framlegg om endring av føresegnene om nydyrking.

Etter framlegget skal omsyn til klimagassutslepp takast inn i føresegnene.

Etter framlegget,§6, vert nydyrking av myr forbode. Myr vert definert som eit areal over to da med myrvegetasjon og med minst 30 cm tjukt torvlag. Definisjonen som ligg til grunn i økonomisk kartverk skal leggjast til grunn ved avgrensingane.

*Man kan finne areal med myrvegetasjon som har tynnere torvlag. Dette gjelder særlig i høyereliggende områder og i hellende terreng langs kysten. I slike tilfeller kan man fravike kravet til torvlag på minst 30 cm.*

I Noreg er arealet somn kan nydyrkast større enn jordbruksarealet. Ein stor del av dette er imidlertid myr. I kystområda og i høgareliggjande områder er mesta heile arealetet som akn dyrkast myr eller har myrkarakter.

Eit forbod mot dyrking av myr vil difor slå ulikt ut. I Haram merdfører det eit totalforbod mot nydyrking. Det kan medføre rel. store konseskvensar for utvikling av jordbruket i området.

Ved dyrking og grøfting av myr vil torvlaget bli omdanna og det blir frigjeve karbondioksyd og lystgass til atmosfæra. Det er lagra store mengder  $CO_2$  i myr og jordbruksareal. Mengda  $CO_2$  myra vil inneheld avheng av myrdjuptna. Grunn myr bind rel. lite  $CO_2$  og har størst verdi som potensielle jordbruksareal. Eit forbod mot dyrking av grunn myr vil difor kunne ha store konseskvensar for eigarane og bety lite for utslepp av klimagassar.

Djup myr gir mindre verdifulle jordbruksareal og bind store mengder karbon.

Dersom eit forbod vart relatert til djup myr eller der ein ikkje kan konservere myra, vil det ha mindre næringsmessige konsekvensar og gi lite utslepp av klimagassar.

**Vurdering:**